



# gavlen

2018 - 38. årgang

Sunnmøre Museum Sunnmøre Museumslag

# Formidling på freda fyrstasjonar 2017

Av Frode Pilskog

Stiftinga Sunnmøre Museum er ein del av Kystverkmusea, etatsmuseet for Kystverket. Ei av oppgåvene våre i 2017 var å følgje opp Landsverneplan for maritim infrastruktur. I samband med landsverneplanen laga Kystverkmusea skilt som skulle settast opp på freda fyrstasjonar som er i statleg eige. For å gjennomføre arbeidet valte vi å ta i bruk museumsbåten vår: MS Gamle Oksøy.

## MS Gamle Oksøy

Gamle Oksøy fungerte i tidsbolken 1962-1996 som forsyningsskip i det som i dag er Kystverket. Skipet reiste langs norskekysten og forsynte fyrstasjonane med parafin og gass. Utover 1980- og 90-talet vart båten nytta i samband med elektrifiseringa av fyr og fyrlykter. Skipet vart gjeve i gave til Bredalsholmen dokk og fartøyvernsenter i 1997, året etter det vart teke ut av drift. Fiskeridepartementet si målsetting var at skipet skulle drivast som museumsfartøy. I 2014 tok Lindesnes fyrmuseum over eigarskapet til Gamle Oksøy. Skipper Odd Nordahl-Hansen er tilsett av museet for å leie arbeidet med fartøyet. I tillegg stiller venforeininga «Gamle Oksøyrs venner» opp både til vedlikehald og som mannskap. Dugnadsinnsatsen er imponerande.

## Toktet

14. juli starta toktet vårt og skiltinga av 34 freda fyrstasjonar skulle gjennomførast i løpet av ein månad. I tillegg skulle museumsbåten innom Landsstemne i Kristiansund, Kulturdugnad i Gamvik, Festival i Svolvær, Sildajazz i Haugesund, Skalldyrfestival i Mandal og Arendalsuka.

Etter passeringa av Stad tok skipet turen innom Dalsfjord. Museumsgjenstandar og utstillingsmateriell vart lånt ut frå Dalsfjord Fyrmuseum. Stor var gjensynsgleda til ein av mannskapet, Bernt Johansen. Bernt er modellbyggar. Skipsmodellen av Gamle Oksøy som han har laga, står i dag utstilt på Dalsfjord Fyrmuseum. I Dalsfjord var gjensynsgleda også stor hjå Kjell Viken, tidlegare skipper på Gamle Oksøy. Han var godt nøgd med vedlikehaldet som venelaget hadde gjennomført det siste året og ønska mannskapet lukke til på ferda nordover.

## Forbundet Kysten sitt landsstemne i Kristiansund

Etter skiltinga av Runde, Ulla, Kvitholmen og Ona fyr gjekk turen til Kristiansund. Fartøyet låg som museumsskip under Forbundet Kysten sitt landsstemne. Med gjenstandane frå Dalsfjord laga vi ei



På Buholmråsa møtte lokale fyrvener opp. Gleda var stor. Dei skulle markere 100-års jubileet for fyret seinare på hausten.

lita utstilling om bord. Vi hadde ope skip for alle interesserte, samt at vi heldt foredrag på Milnbrygga. Stiftinga Sunnmøre Museum var også representert med Bankskøyta.

### Frohavet

Skilta bestod av fire betongfundament, samt to aluminiumskilt. Desse løfta vi først om bord i ein gummibåt. Gummibåten med betong og mannskap vart heist ned til sjøen og sette kursen mot naustet. Der byrja slitet. Betongen måtte slepast og berast opp til staden der skilta skulle stå. Betongfundamenta måtte skruast saman og skilta både skruast og limast. Heldigvis var vi to til fire personar om jobben.

For ein sunnmøring var det kjekt å sjå att Sula fyr. Dagens fyr vart sett opp i 1909 under leiing av dalsfjordingen Ole Martin Mork. Fire-fem år tidlegare hadde dette arbeidslaget sett opp eit liknande fyr på Sunnmøre, Svinøy fyr.

Det nordlegaste fyret i Frohavet står på Halten. Her har mang ein sunnmøring lagt att mengder med sveitte og tårer. Fyrtårnet av stein vart først sett opp på Lista i 1852-53. I 1875 vart steintårnet plukka ned Stein for Stein, frakta til Halten og sett opp att. Eit lite uhell der ein mista ei last med Stein gjorde puslespelet ekstra utfordrande. Tre av arbeidarane

var sunnmøringar som sette opp tårnet for andre gong. Andre gjentok bedriftene til sine fedre. Det vart siste gong fyrvæsenet bygde steintårn.

### Nordøyan

Det var langt på natt då vi kom fram til Nordøyan. Fyrstasjonen ligg på toppen av øya, så bæring av betong var eit slit. Alt dette vart gløymt då vi fekk oppleve ein fantastisk soloppgang.

Mi oppleving var nok totalt motsett i forhold til tragedien som fann stad her i 1962. Hurtigruta St. Svithun feilnavigerte og gjekk på grunn. Ei naudmelding vart sendt ut om at forliset skjedde ved Grinna fyr. Redningsmannskap leita på feil stad og ingen kunne finne havaristen. Midt på natta banka det på hjå fyrvaktaren. Ein livbåt hadde funne vegen til Nordøyan og fyrvaktaren kunne melde frå kvar hurtigskipet låg. 48 personar vart redda, medan 41 personar mista livet.

### Sklinna og Myken

Det låge støypejarnstårnet på Sklinna er nok eit døme på gjenbruk. Fyrtårnet er opphavleg toppen av Runde fyr (sjå Gavlen nr. 1 2017).

På Myken la vi til kai. Her vart vi godt tekne imot av øygruppas befolkning. Dei synte fram ein stor entusiasme og optimisme. No hadde ein 'starta



*Vi arbeidde døgnet rundt. På Nordøyan fyr fekk vi oppleve ein fantastisk soloppgang.*



«MS Gamle Oksøy» ved Kjeungskjær fyr

brenneri og bryggeri. Bryggar med kone var tilsett. Snart skulle folketetalet auke frå 12 til 14.

Vi fekk omvising i brenneriet. Jan Hellstrøm, bror til kokken, kunne syne fram produksjon av både whisky og gin. Kven skulle tru at nokon kunne drive noko slikt i ei øygruppe 32 km frå fastlandet?

### Skomvær og Skrova

Ein av dei første fyrvaktarane hadde med seg kona og hennar bror, Th. Kittelsen. På Skomvær fekk kunstnaren fred og ro til å skape eit nytt kunstnarleg uttrykk med Lofotlandskapet og ulike folkelege skapningar.

Vi fekk og eit møte med kunstnarar. På sommaren vert Skomvær fyr drive av eit kunstnarkollektiv frå Fredrikstad. Tåka førte til at to av kunstnarar ikkje kom seg frå øya. Vi fekk dermed to nye om bord.

Skrova fyr har fått ein skikkeleg oppsing dei siste åra etter omtalen i Morten Strøknes si bok Havgoka. Boka vart tildelt Brageprisen i 2015. Strøknes fortel at arbeidsleiar for bygginga av «nye» Skrova fyr i 1922 var Kristian E. Folkestad.

Vi valte å gå av på Skrova medan toktet gjekk vidare til Finnmark. Vi mørnstra på att i Svolvær då skipet var på sørgåande. No gjekk vi den indre skipsleia.

### Buholmråsa og Kjeungskjær

På Buholmråsa vart vi møtt av lokale fyrentusiastar. I samarbeid med Kystverket laga dei til ei 100 års markering for fyret. Då var heldigvis skiltet vårt på plass.

Kjeungskjær, levde opp til sitt kallenamn «den rauden siglar». Skiltet vart sett opp, samstundes som sola gjekk ned. Ei familie som leigde fyret kom ut og fortalte om sine opplevingar på denne perla som ligg midt i leia mellom Ørlandet og Stor-Fosen.

### Ålesund

Første person om bord etter at vi hadde lagt til kai i Ålesund, var kystdirektør Kirsti Slotsvik. Ho ønska å inspirere museumsskipet sitt.

Kystdirektøren vitja skipet att under Arendalsuka. Kystdirektøren overnatta om bord medan ho deltok i politiske debattar på dagtid.

Toktet fekk fram eit godt samarbeid mellom musea og etaten. Eit samarbeid Stiftinga Sunnmøre Museum tek del i.

### Vil du vite meir

Gå inn på Kystreise.no Her kan du finne skilttekstane, samt videofilmar frå toktet:  
[www.kystreise.no](http://www.kystreise.no)